



Naturvernforbundet
i Ørsta og Volda

Volda, 1. sept. 2023

postmottak@volda.kommune.no

Detaljregulering for Dinglavatnet. PlanID 2023001

Naturvernforbundet har nokre merknader til det omfattande planarbeidet som er i gang for å trygge godt drikkevatt for Volda.

Landskap

Steinbrotet/masseuttaket vil komme i konflikt med ein tursti som er mykje brukt. Det vil også bli ganske eksponert i landskapsbiletet, og er tenkt der det truleg er grunt markdekke. Dette vil stille store krav til tilbakeføring av masse, og ei langsam tilgroing. Om dette området vert valgt til å ta ut masse, vil vi rå til at ein restaureringsøkolog vert konsultert. Dette vert eit arbeid som krev særskild naturfagleg kompetanse.

Alternativ til steinbrot i fjellet vert sikkert vurdert av meir kompetente fagfolk enn oss, men ein tanke slår oss: Er det mogleg å ta stein frå grunnen som vert liggande under vasslina? Det vil kanskje forlenge perioden Volda må få vasstilførsel frå Ørsta, men vil spare naturen for eit stort inngrep.

Krav til aktsemd i anleggsperioden

Bygging av anleggsvegar til begge demningane vil føre til transport som kan ta med seg uønska organismar til nye leveområde. Dette må maskinfirma vise aktsemd for. Mange framandartar har spreidd seg på grunn av massetransport langs vegane i Volda.

I anleggsperioden må ein også vere merksam på avrenning mot Lomtjønna og Skitnevatnet. Desse drenerer nedstraums mot Rotevatnet

og Øyraelva, der slam kan gjere stor skade. Dette såg vi seinast ved hogsten rett sør for planområdet. Heltneelva vart brun.

Naturkartlegging

I referatet frå oppstartsmøtet 25.04. les vi i kapittelet Viktige utgreiingsbehov:*naturmangfald skal utgreiast/skildrast særskilt i planomtalen.*

Så les vi i Norconsult sin planomtale:

Det er ikkje registrert viktige naturtyper eller naturverdier i området.

Er dette ei utgreiing/skiltring?

Når vi går inn på Artsdatabanken finn vi ei rekke registreringar av flora og fauna i planområdet. Fleire av desse er raudlista artar. Desse skal skjermast og takast omsyn til - både i anleggsperioden og i tilstellinga av arealet.

Vi ber om at Norconsult vert pålagt å bruke ein fagperson (naturkartleggar) som kan gje råd om korleis inngrepa kan gjerast med minst mogleg skade på naturmangfaldet.

Naturvernforbundet vil gjerne bidra til å få gode løysingar, og ser fram til eit endeleg planframlegg som tar omsyn til natur og naturverdier på ein best mogleg måte.

Med helsing,

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda